



Rapport pr 26 april 2022

Innsamla mengder pr. mars 2022:


- Restavfall: mengd likt med 2021
- Papir: Auke med 5 %
- Plastemballasje: ned 25 %
- Glas og metallemballasje: likt med 2021

Det er tidleg i året enno, så trend går det ikkje an å snakke om.



Mottekne mengder til miljøstasjon pr mars.

- 7 % reduksjon i mengd restavfall
- 8 % reduksjon mengd trevirke
- Mykje vinter i år, har påverka mengdene, men det har vore generelt rolig så langt i år.



Farleg avfall innsamling våren 2022.

Innsamla 7.770 kg.



- | | 2022 | 2021 |
|-------------------|----------|----------|
| • Innsamla Ørsta: | 3.830 kg | 6.580 kg |
| • Innsamla Volda | 4.290 kg | 6.750 kg |
- Det blir meldt om jamnt brukbar oppmøte men der innbyggjarane leverar raud boks, og ikkje større mengder med olje og batteri som vi såg første åra vi samla inn. Det kan tyde på at mange har «rydda opp» i gamle lager. Resultatet er ein fallande trend med omsyn til mengder.


Bygderydding

- Mengder på line med tidligere år
- Vi er om lag halvvegs:
- Ferdig Velsvik, Lauvstad, Dravlaus Steinsvik, Dale og Folkestad i Volda.
- Standal, Trandal, Barstadvik, Nordre Vartdal, Sæbø og Bondalen i Ørsta
- Urke Øye blir sett ut 26/4.
- Kilsfjord og Bjørkedal blir sett ut 27/4

Bilete frå Nordre Vartdal



Covid -19



- Vi hadde eit stort utbrot i veke 11, med 3 sjåførar borte samtidig. Vi kom oss igjennom det utan å hoppe over innsamlingsruter takka vere innleigd hjelp utanfrå.
- Av sjåførane er det no berre ein som ikkje har hatt covid.
- På kontoret er det tre som ikkje har hatt covid.
- Vi har laga prioritering ved smitteutbrot. Innsamling av restavfall har høgst prioritet. Deretter matavfall. (ikkje over 4 veker mellom innsamlingane)

Kommunikasjon:



- Låg aktivitet i vinter, grunna lang tids sjukefråvær på både ansvarleg og vikar.
- Prioritering framover:
 - Papirposar til erstatning for plastposar
- Reskilting i hallen, dekor ny bil, internopplæring
- Arbeid til rullering av strategiplan 2023-2026



Slam 2022.



- I gang med Barstadvik og Hjørundfjordstranda

ISO 9001.

- Det er tema ved kvar samling for tilsette. I administrasjon som i innsamling/ miljøstasjon.
- Vi planlegg internrevisjon og leiinga sin gjennomgang ila mai-juni
- Organisatorisk ansvarleg blir å få på plass ila hausten



Fakturering 1 termin 2022

- Tilbod om månadsfakturering krevde nytt økonomisystem frå -22. Visma tok over som IT leverandør med «Visma Autoinvoice.»
- Visma baserar seg på kundenummer og ikkje avtalenummer kopla til matrikkel slik vi har i Komtek.
- Norkart måtte derfor gjere ein konverteringsjobb i Komtek.
- Resultatet var at gamle synder dukka opp.
- På e-faktura og avtalegiro fekk ein treff på ca. 300 stk. ikkje avslutta e-faktura og avtalegiro. Her må rekning krediterast, ny avtale og ny rekning til korrekt heimelshavar sendast ut.
- 300 er mange telefonar !

Fakturering -2.

- Månadsfakturering. Gjeld ca. 80 abonnentar så langt. Vi sette stopp for fleire månadsfaktura etter å ha fakturert førte halvår. Dei som bestiller no, blir med frå andre halvår.
- Totalt sett synes vi at akkurat månadsfaktureringa har gått veldig bra, og interessen er aukande.

Fakturering – 3.

- Fritidshusa: Vi fekk ut det meste av faktura for fritidshusa, men nokre utfordringar står att og nokre dukka opp i samband med faktureringa.
- Eksempel 1. Ca. 25 eigedomar er registrert på ein eigar (felles grunn) som er død. Her utsette vi faktureringa til vi får fram kven som faktisk eig disse fritidseigedomane. Er på plass seinast andre halvår.
- Eksempel 2. Uavklarte offentlege eigedomstilhøve: Eigedomar har ikkje tinglyst feste. Private avtalar er ikkje tinglyste eller registrerte i offentlege register. Her oppretthald vi faktura, til vi får liste frå den som har motteke faktura på kven som egentleg er adressaten. Vi byrjar no å få grei oversikt.
- Eksempel 3. Feil matrikkelføring. Dvs. at bygningsnummeret er registrerte på feil eigar. Denne er utfordrande, fordi bygningsnummeret er pantet vårt. Men det kostar å omregistrere i Kartverket, og det vegrar mange seg mot. Så vi må vel berre leve med det.

Fakturering 1 halvår – nokre tal

- Månadsfaktura 2022 - 80 stk likt fordelt i kommunane.
- Første halvårsfaktura
 - 2021: 9168 stk.
 - 2022: 9697 stk. Auke på 529
- Samla inntekt 2021 kr 16.431.013,-
- Samla inntekt 2022 kr 17.634.324,- Auke på 7,4 %
- Gebyr Fr. Hus:
 - 2021 1236 stk
 - 2022 1783 stk Auke på 547 stk

Leverert utstyr.

- Overtaking av R3 medio februar, etter at leasingavtale gikk ut.
- Dekkavfelging i drift i mars
- Behaldarvaskemaskin levert 5 april.
- Ny sidelastar lev. 22 april.



Status off. anskaffingar (investeringar.)

- Hjullastarkjøp for Melsgjerdet 3. Volvo. Levering mars 2023.
- Papirpresse for Melsgjerdet. Kiesel Norge. Levering nov. -22
- 4 komplette nedgravne anlegg - for fritidshus. Strømbergs
Leverast og monterast før ferien -22.
- Låneopptak på 30 mill kr for 2022. Kommunalbanken utbet. 02.05.22

Offentlege kjøp – drift.

- Prosjektering /kostnadsoverslag /byggeleing / ombygging Miljøstasjonen. Conplan AS. Kostnadsoverslag levert 13 april.
- Ny rammeavtale diesel. Circle K. Frå 01.07.22.
- Rammeavtale transport og behandling matavfall. Opnast 26.04.22
- Rammeavtale elkraft. Opnast 27.04.22
- Leige av papir og plast-pressing. Forlenga ut august.

Status off. anskaffingar ikkje starta.

- Kjøp av garderobereskap Melsgjerdet – ikkje igangsett
- Kjøp av kontor og kantinemøblar Melsgjerdet ikkje igangsett
- Krokas til plastinnsamling for levering 1 august 2022. Ikkje igangsett
- Plastsekkar til innsamling med baklastar. Ikkje igangsett
- Behaldarar for plastemballasje 1 august 2022. Brukar standard dunkar og merkar med plastemballasje ?
- Krokasser miljøstasjon. Vurderast hausten 2022
- Betongblokker for inndeling i ulike avfallslager i papirhallen. Vurderast hausten-22.

Kvalitet på emballasje av glas og metall levert Sirkel Glass.

10 % trekk for is og snø i januar

10 % trekk for kvalitetsavvik og is og snø i mars

Kvalitet på papiret: til tider utfordrande, men ingen omklassifisering til restavfall hitil i år. Det blir gjort ein god jobb her på anlegget.




Samarbeid RIR, ÅRIM, SSR og VØR

- Møte på VØR 11 mars.
- Tema: Drøfting av dagleg leiar spørsmål, omvisning Melsgjerdet og framdrift Biogass



Tilsyn – farleg avfall – regjering - EU



- Vi får tilsyn i 2022.
- Alle tilbudsgjevarane vi hadde på prosjekt ombygging Miljøstasjon, gav melding om at vi får krav om eigen brannvasstank, og oppsamling av brannvatten og nedbør, når vi leverar søknad om ombygging.



Status omlasteanlegg Melsgjerdet.

Underlag vekt til venstre. Mottak hytteavfall til høyre. Kranbil bak legg sedum.



Pumpehus og fundament for brannvasstank til venstre. Naudstraumsaggregat og pumper til høyre.



Omlastehall for papir, glas og metall, papp og plastemballasje innvendig – klar for dekkelegging.



Vektkontor til venstre. Bilete frå garderobe til høgre



Teknisk rom til venstre og vaskehall til høyre



Montering av luktreanseanlegg i arbeid.




Infiltrasjonsanlegg til venstre. Oppsamling/
fordrøyingsanlegg til høyre.



Løyve til Biogassanlegg

- Klagen er ferdigbehandla i direktoratet, iflge statsforvaltar.
- Møte med representantar for Biokraft 5 mai.



Ombruk og reoperasjonverkstad – framdrift etter k.styra sitt vedtak.

Fellesmøte mellom politisk –administrativ nivå i Volda Kommune, Ørsta Kommune og VØR 26 april 2022.

Konklusjon:

VØR sakshandsamar forslag til nye forskrifter som inneheld nytt mål og virkeområde for VØR.

Kommuneadministrasjonen arrangerar møte med Furene AS for å sjå på om det kan opprettast eit samarbeid mellom kommunane, Furene AS og VØR, tilsvarande Resirkula sitt konsept.

